

# 4A, KAUPANGER SKULE 2022/2023

## SOSIALVEKE: 33

Mål: Få ein sosial, kjekk og aktiv start på skuleåret.



	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
09.00-10.00 m/fruktstund	NORSK	NORSK	NORSK	<b>KRØ: SMÅSKULEN TURDAG TIL HULDRESLETTA</b>	MATEMATIKK
10.00-10.15	FRIMINUTT	FRIMINUTT	FRIMINUTT		FRIMINUTT
10.15- 11.45 m/matstund	MATEMATIKK	MATEMATIKK  KRØ Slåball	MATEMATIKK  ENGELSK		KRØ UTE Kroppsøving i lag med fadrane våre i 9A + 9B
11.45-12.15	STOREFRI	STOREFRI	STOREFRI		STOREFRI
12.15-13.15	ENGELSK	MUSIKK	BIBLIOTEK NATURFAG		KRLE/KH
13.15-13.30	HEIM/SFO 13.15	FRIMINUTT	HEIM/SFO 13.15		HEIM/SFO 13.00
13.30-14.30		KH Måla og klyppa			
14.30		HEIM/SFO 14.30		HEIM/SFO 14.30	

### Kjære 4A! Vel møtt til 4. klasse, og særskilt velkomen til Anneli med familie!

\***Tysdagar:** I fjerde klasse er det ein ekstra time kvar tysdag, slik at skuledagen då varer til klokka 14.30.

\***Vaksne i klassen:** Astrid og Rita er pedagogar i klassen, og Kari held fram som musikk lærar.

\***Kle og utstyr:** Hugs å ta med bytekle, innesko, regnkle og attende til skulen første skuledag.

\***Turdag:** Me har planlagt turdag for heile småskulen torsdag første skuleveke. Info kjem på eige ark.

\***KRØ/FYSAK:** Me har meir KRØ/FYSAK/friminutt enn det som står skrive på timeplanen, og tek gjerne slike økter «på sparket», så det er viktig at barnet kvar dag har høvelege sko og kle til å vere aktiv ute.

\***Fruktstund:** Me held fram med dagleg fruktstund ca kl 09.50 også i 4. klasse. Lurt med oppdelt frukt.

\***Mjølketinging:** Info om dette kjem på eige skriv.

\***Veke- og periodeplanar:** Desse legg me ut på klassen si heimeside i mappa «Veke- og periodeplanar», samt at me sender dei heim i papirform, slik som i fjor.

**Ha ei fin veke, alle saman! Beste helsing oss vaksne i 4A.**

**Anna** \***Meldemappa:** Vert meldemappa sjekka kvar ettermiddag? Er den rydda før ny skuleveke?

\***Headset:** Har du headset heime som du ynskjer å nytte, så ta dette med første skuledag.

\***Bokbind:** Me sender heim ein del fleirgongsbøker, som treng bokbind.

Leselekse veke 33 + 34:	Sommarles 2022 mån + tys + ons + tors: Les minst 15 minutt kvar av dagane og registrer dette på Sommarles. Vøl sjølv kva litteratur du vil lese. Sommarles-kampanjen varer tom 31. august.
----------------------------	--